

KODEJAKTA 2023



HJELMELAND KOMMUNE

Lykke til med jakta

Kodejakta har sidan 2014 vore påskotet somme treng for å koma seg ut på tur. For andre er denne konkurransen, der turane er nye for kvart år, ein måte å oppdaga nye turfavorittar på.

Også i år er turane ei blanding av kort og langt, flatt og bratt, høgfjell og lågland. Det skal vera noko for alle blant dei ti turane som er plukka ut.

Nytt av året er QR-kodane til kvar tur. Dei finn du saman med karta i dette heftet. Det gjer at du kan ha kartet med deg på mobilen og zooma inn så mykje du vil. Hugs likevel at karta er teikna litt grovt, så du må følge merkinga om kart og terreng ikkje stem-

mer 100 prosent med kvarandre.

Kodejakta er langt ifrå den einaste turkonkurransen i Hjelmeland, og det er merka mange andre løyper enn dei du finn i dette heftet. Etter dei ni føregåande åra med Kodejakta, er det merka rundt 90 turar i tillegg til dei som er med i år.

Gå inn på hjelmeland.kommune.no, trykk på «Kultur, fritid og turistinformatjon» og deretter på «Friluftsliv».

Der finn du kart med vegen til mange perler i tur- og naturkommunen Hjelmeland Naturlegvis.

GOD TUR OG GOD JAKT!


HUGS DETTE NÅR DU GÅR UT PÅ TUR:

Det er generell bandtvang for hundar i Kodejakt-sesongen, og turane går ofte gjennom område med beitedyr. Hugs å lukka grunder etter deg.

Ta med deg drikke når du legg ut på tur. Bruk sko som toler litt væte.

Me minnar også om fjellvettreglane:

1. Planlegg turen og meld frå kvar du går
2. Tilpass turen etter evne og forhold
3. Ta omsyn til vêr- og skredvarsel
4. Ver førebudd på uvêr og kulde, også på korte turar
5. Ta med nødvendig utstyr for å kunne hjelpe deg sjølv og andre
6. Ta trygge vegval. Kjenn att skredfarleg terreng og usikker is
7. Bruk kart og kompass. Vit alltid kvar du er
8. Vend i tide, det er inga skam å snu
9. Spar på kreftene og søk ly om nødvendig



1. Himleknuten, Årdal

11. Beinskjervatnet

Du kører Songesandsvegen frå Årdal og opp i Lyngsheia. Parkering på den store p-plassen ved hytta til Norsk Folkehjelp. Følg grusvegen langs Beinskjervatnet heilt til enden.

Turen går langs foten av Lakkaknuten på austsida og koden er på toppen av Himleknuten. På returen går løypa opp på Lakkaknuten, og dessutan ein sving bortom eit tredje utkikkspunkt på vegen ned att.

Om du synest turen er for lang, er det skilta snarvegane tilbake til parkeringa fleire stader. Snarvegane er skilta med små, grønne piler. Vil du gå heile turen, følger du berre merkinga vidare.

Turen på grusvegen langs vatnet er snauett kilometer kvar veg. Rundturen i terrenget er fem kilometer. Høgdeforskjellen er 150 meter. Heile turen tek tre-fire timar. Terrenget er lettgått, med nokre litt våte parti.

På denne turen er det også ein ekstra kode ved Beinskjervatnet.

Grusvegen er ein bomveg som er stengd med kjetting, men om du til dømes har ei barnevogn eller rullestol som ikkje er høgare enn 130 cm, smyg du under kjettingen.

Då er koden ved Beinskjervatnet tilgjengeleg for alle.

Kodejakta 2023 er støtta av

 **SparebankenVest**


2. Mosnesstien, Fister



Parti frå Mosnesstien.

Du køyrer frå Fister og mot Helgøy. Ved Solvåg Fjordferie si avkøyrsløp køyrer du inn i byggefeltet Mosnes Park. Køyr fint gjennom byggefeltet til du finn parkeringsplassen og starten på Mosnesstien.

Løypa er vel to kilometer lang, og går over svaberg og gjennom skog og fjøresteinar. Turen passar godt for heile familien. Bruk gjerne ein time eller to, for det er ingen grunn til å ha det travelt på Mosnesstien.



3. Husaheia, Vormedalen

Du køyrer til Vormedalen og inn på vegen mot Fundingsland. Det er parkering i krysset mellom Fundingslandsvegen og Vormelandsvegen.

Dei første snautt to kilometrane går på grusvegen mot Vormeland. På rundturen på Husaheia er det fleire utsiktspunkt -

både mot Vormedalen og Skorvå og mot Jøsenfjorden og Vindsvik.

Turen går i lyngmark, på fjell og grusveg. Det er nokre våte område. Heile turen er vel seks kilometer, og du må rekna rundt tre timar.

4. Heståsen, Årdal



Du finn parkeringa nær toppen av Riske-
dalsbrekka, på riksveg 13 mellom Årdal og
Hjelmeland. Det er også alternativ parke-
ring 500 meter i retning mot Hjelmeland.

På turen til Heståsen har du utsikt mot
Hetlandsvatnet og Hetlandsbygda det førs-
te stykket. Ved koden har du eit praktfullt
utsyn mot Kyrkjebøen i Årdal.

I 2005 stod heile Heståsen i brann. Skog-
brannen truga også bustadar i byggefeltet
Melslia i Årdal. Langs denne løypa ser du
mange teikn etter brannen, og du får eit
godt bilde av korleis naturen ordnar opp
etter ein slik storbrann.

Det er nokre bratte parti og nokre våte
område på turen. Løypa er snauvt fire kilo-
meter tur/retur. Du må rekna eit par timar
på turen.




Hjelmeland kommune takkar alle grunneigarane som velvillig seier ja til at
me kan merka turar på deira eigedomar og utmarksområde.

Me vil også takka dei som har stilt opp og merka turar på dugnad.

Det blir inga kodejakt utan velvilje og gode hjelparar!

TAKK!



5. Borgaråsen, Hjelmeland

Turen startar ved parkeringa til museums-garden Vigatunet. Du finn Vigatunet langs vegen mellom Hjelmeland og Randøy.

Turen til den gamle bygdeborga på Borgaråsen er vel 1,5 kilometer kvar veg. Turen passar godt for heile familien.

Mykje av turen går på traktorvegar, resten i skog. Turen tek ein time eller to.

Frå festningsverket på Borgaråsen er det vidt utsyn til store delar av Ryfylkebasseng-et. Delar av murane er framleis synlege.

Om du går turen til Borgaråsen frå onsdag til søndag i tida mellom 5. juli og 6. august, kan du også leggja inn eit besøk med omvisar i museumstunet og den historiske frukthagen.

Vigatunet har sett ut som i dag sidan 1821.



Utsyn frå Borgaråsen.



Vigatunet. Bilde frå frukthagen.



6. Vadla-Segadal, Jøsenfjorden

Turen til Raudberg startar på Hauge i bygda Jøsenfjorden. Du køyrer forbi Coop Marked Jøsenfjorden og vidare mot Gullingen. Avkøyring frå Gullingenvegen ved Fjordahuset og bedehuset.

Turen frå Hauge og innover mot Segadal går gjennom skog- og fjellområde. Stien er fleire stader lagd til rette med rekkverk, trapper og bru - alt etter private initiativ av Lars Bog.

Det går også sti vidare innover mot Segadal, men på grunn av kraftutbygging og anleggsarbeid er koden plassert på Raudberg. Derifrå har du god utsikt inn til Segadal.

På turen tilbake går løypa om utkikkspunktet Seglet. Turen er snautt seks kilometer lang. Undervegs kan du oppleve både spektakulær utsikt og spennande flora.

Du må rekna vel tre timar på denne turen.


Turkarta i Kodejakta er merka med ulike fargar

Dei mest tilgjengelege turane er gule. Dei passar for alle.

Dei grønne turane er enkle og familievenlege og passar godt til ei kjapp utflukt.

Dei blå turane er gjerne topturar eller utflukter som varer frå ein til tre timar.

Dei raude turane er dei lengste og hardaste utfordringane.



7. Skjekkjesåsen, Fister

Skjekkjesåsen har vore eit populært turmål i mange år, men er «debutant» i Kodejakt-samanheng.


Turen startar ved Stemmen i enden av Hetlandsvatnet, om lag ein kilometer frå Fister sentrum. Stemmen er også utgangspunkt for mange andre turstiar i same området.

Rundturen er rundt sju kilometer lang. Det er fleire utsiktspunkt på turen. Det betyr også at det er nokre stigningar som får opp pulsen her og der.

Turen går dels på traktorveggar, og elles i skogsområde. Du må rekna vel tre timar på turen. På veg ned att går løypa innom Einars Hvile - hytta der det passar godt å eta nista eller ta seg ein liten kvilepause.

FØLG MERKINGA

Turkarta er så nøyaktige som me har klart å få dei, men om du finn døme på at det ikkje er samsvar mellom kart og merking, så er det rett å følgja merkinga. Meld gjerne frå om grove feil i karta eller manglande merking. Då kan me gjera folk merksame på det i gruppa «Kodejakta 2023» på Facebook.



8. Skjelsvika, Fister

Skjelsvika er ei perle ytst i Årdsfjorden. Parkeringsplassen er ved gardsbutikken til Grønvik Gard. Du finn plassen ved å køyra til Fister og følgja skilta til Grønvik utover Nesvegen.

Turen går på asfaltert veg frå parkeringa og ut til Skjelsvika.

Denne turen er tilgjengeleg for alle. Heile turen er snaut 2,5 kilometer lang tur/retur.

Før du reiser vidare, kan du også leggja turen innom gardsbutikken som både sel varer frå eigen fruktgard og frå andre lokalmatprodusentar.

ANDRE TURFORSLAG

Kanskje finn du fleire turar om du søker på desse Facebook– eller nettsidene:

Hjelmeland Turlag, Facebook

Turpostane på topp i Årdal, Facebook


På tur i Hjelmeland, Facebook

josneset.no

ut.no

eller om du oppsøker turistkontoret i Vågahuset i Hjelmelandsvågen.

DU KAN OGSÅ FINNA FLEIRE TURFORSLAG OM DU SKANNAR QR-KODEN:



9. Knappurtnuten, Hjelmeland



Turen til Knappurtnuten er sentrumsnær, men med flott utsikt i alle retningar. Om du går opp på dei små utkikkspunkta du ser undervegs, vil du få utsikt til fjorden og øyane, til Vågen og sentrum, til Kvame og Steinsland og til Hauske og Mjølhus.

Og heilt på toppen har du 360 graders utsikt.

Turen startar på Pundsnes industriområde. Du svingar av Riksveg 13 ved bensinstasjonen og stolfabrikken Aksel Hansson, rett oppå bakken ovanom ferjekaien på Sande.


Det er skilta til parkering for tursti ved avkøyrsla.

Turen følger den etablerte turstien mellom Pundsnes og Bjødnabu det meste av vegen. Du følger stien forbi dei to første turpostane, og svingar av stien når du når toppen der du ser ned i Steinslandsvatnet. Det er skilta med «Kodejakt» der du forlet stien og går opp til toppen av Knappurtnuten.

Heile turen er rundt fire kilometer lang og går for det meste på skogbotn og berg. Høgdeforskjellen er 250 meter, så du må gjerne setja av eit par timar til turen.

KODEJAKTA HANDLAR IKKJE OM Å SPRINGA FORTAST

I mange av turskildringane står det til dømes at «turen tek eit par timar» eller «bruk gjerne ein time eller to». Du vil nok oppleva at du kan gjennomføra turen mykje raskare enn det, men tida som er oppgitt passar for dei som nyt turen og gjerne tek seg ein pause eller to.



10. Reinaknuten, Årdal

Turen til Reinaknuten er årets langtur. Det startar med ein tøff tur på vel to kilometer opp frå parkeringa ved løa på det inste tunet på Tysdal (**OBS! Pass på at du ikkje blokker vegar, dører og garasjeportar**).

Tysdal finn du i Målandsdalen, i austre enden av Tysdalsvatnet mellom Tau og Årdal.

Løypa følger skogsveg opp lia. Deretter er det lettare terreng over Tysdalsheia før det stig opp til Reinaknuttjørnane og vidare opp

til dei to Reinaknutane. Koden finn du på Vestre Reinaknuten.

Turen til Reinaknuten er rundt seks kilometer kvar veg. Høgdeforskjellen er 740 meter. Du må setja av heile dagen til denne turen.

Vestre Reinaknuten ligg berre nokre få hundre meter frå kommunegrensa til Strand. Det er råd å starta turen frå Leitevegen mellom Bjørheimsbygd og Jørpeland, der det også er merka løype. Då er ikkje høgdeforskjellen like stor.

På Reinaknuten er du verkeleg på Ryfylke sitt tak. Det er ikkje lett å finna maken til dette utsynet innover heiane og utover fjordane.

Koden på Reinaknuten vil vera på plass innan midten av juni.



Foto: Frode Ingvaldstad

Send inn kodane du har samla innan **15. oktober** og bli med i trekninga av flotte premiar. Hugs at om du har funne alle ti kodane, har du ti lodd i trekninga. Har du funne ein kode, har du eitt lodd.

Turmål	Kode	Turmål	Kode
1. Himleknuten		6. Vadla-Segadal	
2. Mosnesstien		7. Skjekkjesåsen	
3. Husaheia		8. Skjelsvika	
4. Heståsen		9. Knappurtnuten	
5. Borgaråsen		10. Reinaknuten	
		11. Beinskjervatnet	

Fyll ut skjemaet og send til Hjelmeland kommune, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland - eller send kodane dine til postmottak@hjelmeland.kommune.no - eller lever dei til kundesenteret i Vågahuset innan 15. oktober. Del gjerne dine turopplevingar, filmar og bilde eller meiningar om turane på Facebook-gruppa Kodejakta 2023.

God tur og god jakt!

Førstepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 5.000 kroner

Andrepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 3.000 kroner

Tredjepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 2.000 kroner

4. — 8. premie: Diverse turutstyr og bokpremiar

